



FITJAR KYRKJEBLAD

**NR 3 - JUNI 2020
ÅRGANG 43**



DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tys., ons. og fre.: kl.10:00 - 15:00
Ta kontakt på telefon om døra er låst
og me er ute på oppdrag.

Kyrkjeverje/kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Drønen, Roald 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Matre, Randi Lønning 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Oma, Elisabeth Søndena
eson@fitjar.kommune.no

Soknerådsleiar:

Fangel, Sigrid 480 94 634

Nestleiar sokneråd:

Helland, Wenche A. 901 33 397

Bakken barnehage:

Torunn K. Aarskog 404 04 146
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øymerke gåva)
kontonr. 3546.29.05805



Framsdebilete:

Frå utdeling av Fitjar kommune sin kulturpris
til Ingolv Rimmereid.

Foto: Torbjørn Hovland



Pinsefargen er raud!

Det veit barn frå Bakken barnehage. Dei er komne til kyrkja for å vere med på pinsevandring. Og dei ropar høgt «røøøøøø», på spørsmål kva farge pinsen har!

Randi Lønning Matre

Me startar framme i kyrkja. Der får dei høyre forteljinga frå Apostelgjerningane 2 om pinse, fortalt ved hjelp av duploklossar. Læresveinane vart fylte av den Heilage Ande og kjente ei glede inni seg og dei byrja snakke mange ulike språk. Heile 3000 menneske vart døypte denne pinsen. Og det er verd å feira. Me går difor vidare i vandringa vår og lagar god og fin musikk som fyller kyrkja med gode rytmar og glad song.

I pinsevandringa snakkar me om bibelen, som er skriven på mange språk. Me snakkar om dåp me har i kyrkja, og om lysgloben og Kristus-lyset.

Heilt til slutt har me bursdagsfest i kyrkjestova. Der feirar me med lys på bordet og pynt, og god frukt. Og ikkje minst bursdagsrakettar. Ja, kor gammal blir kyrkja? Over 2000 år! Det blir mange rakettar. Eg trur me tar ein for kvart 1000 år!

Me spurde borna kva dei tenker kyrkja kunne fått i gåve til bursdagsfesten sin. Det kom mange gode svar frå dei. Her er nokre:

- Eg trur kyrkja blir glad når me er her.
- Me kan vere venner med kyrkja.
- Eg trur kyrkja blir glad om me gir den blommar.
- Eller vaske og male i kyrkja.



Redaksjonelt



På facebooksidea vår deler me noko av det som har skjedd og det som skal skje i kyrkja vår. Du finn oss under namnet Kyrkja på Fitjar. Lik og følg oss gjerne!

Kreativitet i vanskelege tider

Den pågåande Corona-pandemien har ført til mykje menneskeleg lidning og uro. Forbod, pålegg og tilrådingar frå helsemyndigheter har lagt strenge avgrensingar på privatliv, næringsliv og kulturliv. Og dei aller fleste kyrkjelege aktivitetar er på kraftig og smertefull vis råka av dette.

Torbjørn Hovland

Når det gjeld gjennomføring av sjølve gudstenestene, har Fitjar kyrkje tatt kreative og vellukka grep. Kantor og kyrkjevevjer Jan Owerveg har vore kameramann, lydteknikar og TV-produsent for direktesending av gudstenestene. Song, orgel og andre musikkinnslag er spelte inn på førehand, stundom også klokkinga. Så talar presten på direkten for ei tom kyrkje, og Jan mixar alt dette saman til ei saumlaus fjernsynsoverføring.

Sjåartala har vore imponerende høge, i skrivande stund har totalt over 5000 personar sett sendingane. Høgaste tal på ei gudstenestesending er Palmesøndag med heile 505 sjåarar.

Sjukemelding

Sokneprest Roald Drønen er sjukemeldt og vil etter planen vera attende i teneste etter ferien, ca. medio august.



"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 21. august til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 2. september. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet

Kyrkjegardsarbeidar Kristian sluttar

Nettopp slutta som kyrkjegardsarbeidar, ei stilling han har hatt i 6 ½ år. Alder 43 år, gift med Torhild. Dei har sonen Anton, 2 år. Har jobba - eller jobbar som avløyssar, ringavløyssar, kommunal landbruksvikar, paktar, bonde, maskinkøyrar, skogsarbeidar, kyrkjegardsarbeidar, vassverksjef, revystjerne, skuleeigar, handelsmann – og sikkert litt til.

Harald Johan Sandvik

Kristian vart fødd i 1977 på Skumsnes, Nese seier me til vanleg, og han miste mandlane då han var 5 år. Det var alt for tidleg til å mista kroppsdelar. Han vaks opp i ein svært triveleg periode, med mange born i nabohusa på Nese. Det har prega han for alltid, han er framleis ikkje blitt vaksen, til stor uro for mange.

Han gjekk på Osternes søndagsskule i mange år. Det er mi lengste utdanning, seier Kristian. På den tida kom det tre bilar med born frå Nese kvar gong det var søndagsskule. Etter niårig skule reiste han til Stend Vidaregåande Skule, der han studerte i tre år. Sidan det er ein jordbrukskule, reiste han derfrå som ferdig utdanna agronom.

Ein av klassekameratane på Stend skulle overta heimegarden på Radøy, men han ville ta teknisk utdanning først. Men så døydde far hans. Då fekk Kristian spørsmål om å driva jorda, og han var der i eitt år. Lenger våga han ikkje. I Radøy hadde dei slagordet «Ein gong radværing, alltid radværing!», men det passa ikkje Kristian, og han flytta aldri formelt dit. Men likningssjefen, som var ansvarleg for folkeregisteret, var stadig etter han, og til slutt kom det brev om tvangsflytting frå Fitjar til Radøy. Då reiste Kristian heim til Nese.

Vel heime opna det seg jobb som ringavløyssar i landbruket på Stord. Godt vaksen, 22 år, var han klar for militærtjeneste. Dermed var han eldre enn fleire av fenrikane, og det utnytta han: Han sa til dei: «Jaja, kara, når de får noken år te på dåke, så skjønna de atte ditta ikkje e så lurt!»

Etter militæret har Kristian på mange måtar vore altmogeleg-mann i Fitjar. Han pakta gardar og han var kommunalt tilsett landbruksvikar. Den kommunale jobben tok slutt, og då dreiv han samdrift med

Tore Sigurd Fitjar. Men no var han også avløyssar – i avløyssarlaget. Der var han første gong inne som 16-åring, og det er lenge sidan. Men enno har han ikkje sett noko gullklokke!

Marknaden for avløyssarar i landbruket er langt på veg borte. Dei store samdriftsbruka har eigne folk, og dei små bruka er for det meste utan dyr. Men det manglar ikkje på arbeid. Saman med søskenbarn Ingolv driv han Skumsnes skog og landbruk. Her går det på slått, rundballing og skogsdrift.

Ein dag sa Kristian til Ingolv:

Når det vert lyst ut stilling som vaktmeister på husmorskulen, då skal eg søkja! Han søkte, og vart for første gong i sitt liv kalla inn til jobbintervju. Han fekk eit råd: Berre ver deg sjølv! Det gjekk ikkje så bra. Intervjuarane frå Bergen forstod ikkje ein fitjarbygdar som var seg sjølv, og han fekk tilbakemelding om at «stillingen er besatt.»

Men straks etter var han i nytt jobbintervju, i kyrkja, og denne gongen var det bra å vera seg sjølv. Han vart tilsett som kyrkjegardsarbeidar i 60 % stilling, og der har han vore i 6 ½ år. Men han tar framleis gravejobbane, sidan det enno ikkje er tilsett ny person etter han.

Dette har vore ein grei og kjekk jobb, seier Kristian. Fri og fin, friskt og fint, kaldt og surt. Eg har jobba saman med mange kjekke folk. Med tanke på historie har det vore interessant. Eg har fått eit godt innblikk i fitjarsoga og slektene, kven som høyrer saman. Då er det ofte aktuelt å bruka bygdebøkene og kanskje sjå litt på slektsforskning.

For sin eigen del ser han at slekta går vidare. Saman med kona Torhild bur dei i nytt hus på Nese, og for to år sidan fekk dei sonen Anton.



Når Kristian ser på framtida for stillinga han har hatt på kyrkjegarden, meiner han at den bør aukast til 100 % igjen. Ein vesentleg grunn til at han slutta, var at stillinga var for liten. Han rakk ikkje over alt som skulle vore gjort. Då går det ut over inspirasjonen og trivselen.

På vegne av kyrkjelyden og alle som går på kyrkjegarden, seier me hjarteleg takk til deg, Kristian, for dei åra du har vore i kyrkja si teneste. Me som kjenner deg, set pris på det gode humøret ditt og den friske replikken. Det er heller ikkje feil at du er løysingsorientert og får saker gjort. Me ynskjer deg og dine alt godt i både gamle og nye oppgåver!



Nytt frå soknerådet

Det har ikkje vore møte i soknerådet i den tida Koronapandemien stengde ned det meste av offentlege arrangement. Tida har vore prega av stor uvisse for oss alle. Då det kom melding frå offentlig myndighet om at det vil bli råd å ta opp igjen møteverksemd, blei det kalla inn til eit nettbasert orienteringsmøte for soknerådet 14.05. Det var inga sakliste, og det blei ikkje fatta vedtak. Målet med møtet var å orientere om status i kyrkjelyden.

Sigrid Fangel - soknerådsleiar

Soknerådet er særst nøgd med at det har vore sendt gudstenester på YouTube i heile perioden. Det er også gledeleg at det gjennom denne ordninga er gjeve informasjon om offer, slik at det er komme inn ikkje ubetydelege beløp på Vipps. Soknerådet rosar kyrkjevevja og soknepresten for det dei har fått til.

Det er ikkje komme kvalifiserte søkjarar til stillinga som kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar. Stillinga blir venteleg lyst ut på nytt. Det er leigt inn sommarvikarar på kyrkjegarden, slik at ein er sikra at kyrkjegarden står fram fin og velstelt gjennom sommaren. Det er også gjennomført dugnad på kyrkjegarden som legg eit godt grunnlag for dette. Takk til alle som har bidrege.

Neste ordinære soknerådsmøte er fastsett til 4. juni. Sakliste og referat frå dette møtet blir å finne på nettsidene.

Soknerådet nyttar høvet til å ynskje alle ein god sommar, med von om gode dagar for oss alle.

Foto: Anne Hardeland



17. mai

Torbjørn Hovland

17. mai-feiringa vart i år kraftig amputert grunna korona-epidemien, men i og utanfor kyrkja var det likevel eit flott program for dei alt for få som kunne ta del i det. Rådmann Olaus Haugen heldt tale for dagen, ordføraren la ned krans ved minnestøtta, Osternes mannskor song og halve Fitjar skulekorps spelte. Kanskje det flottaste var likevel alle ungdomane som deltok heile vegen, dyktige, trygge og verdige. Etter innslaga utanfor, var det tid for utdeling av Fitjar kommune sin kulturpris til Ingolv Rimmereid. Dette gjekk føre seg inne i kyrkja, og Osternes mannskor song Fitjarsongen med eit ekstra vers om prisvinnaren. Eit kor han sjølv har sunge i gjennom meir enn 20 år. Prisvinnaren har vore initiativtakar til både fitjardrakta, Fitjartun og skulekorpset. Mangeårig deltaking i kommunal- og fylkeskommunal politikk, medlem i ungdomslaget, Fitjar sogelag, museumslaget og mandre andre styre, lag og organisasjonar. I tillegg er han ein framifrå kvedar og har halde kurs i dette. I ordføraren sin tale til Ingolv framheva han at vinnaren i sitt 95. år er framleis aktiv med innspel til utvikling og politikk i kommunen.



Med liv og lyst på kyrkjegarden

«Dugnad er gøy, og veldig sosialt!» Desse orda fall i ein pustepause under dugnad på kyrkjegarden. Og orda vart stadfesta av dei andre deltakarane. Det var verkeleg godt humør i gjengen denne kvelden. Og dette er vel eigentleg varemerket til mykje av fellesskapet i dugnadsbygda Fitjar.

Herman Inge Aadland

Dei seinaste vekene har det skjedd store ting på kyrkjegarden vår. Han såg sliten ut etter den merkelege vinteren, og alle såg at noko måtte gjerast. Men kven skulle gjera det? Me har jo for tida ingen tilsette til dette. Men me har ei kyrkjegardsnemnd med tak i: Tom Rydland, Jan Overweg, Svein Lunde og Rasmus Fitjar. Dei hadde synfaring og sette deretter opp ei prioriteringsliste over det som måtte gjerast. Deretter vart det oppretta ei facebookgruppe med namnet «Fitjar kyrkje – dugnad». Dermed tok det av. Og gjennom dei siste vekene har ein fin flokk ivrige kvinner og menn teke tak som verkeleg syner att.

No er kyrkjegarden rydda for greiner, rusk og rask. Bøkehekkane er klypte. Vasspostane er reingjorde og nymåla. Benkene vert friska opp. Og eit storarbeid med fjerning av bøkehekk og eit stygt rustgjerde mellom gammal og ny kyrkjegard er utført. Dette opnar kyrkjegarden, slik at mange gamle gravminne kjem fram i ljuset. Den gamle hekken er karva opp til flis og vil verta til ny jord på kyrkjegarden. Villige folk har teke på seg å forma prydbuskar og småhekkar. Andre har luka ugras for at nyplanta hekk ikkje skal gå i tapet.

Varm takk til alle som har vore med så langt! Og takk til Fitjar kommune for lån av godt og solid utstyr! Mange



Foto: Kjetil Rydland

kunne vore nemnde her, men de veit kven de er og verdien av det de har gjort og gjer for fellesskapet! Til no er det utført minst 100 dugnadstimar.

Mykje er altså gjort, men det står også mykje att. Men med den ånda og innsatsviljen som rår, skal me få ein praktfull og tenleg kyrkjegard som alle kan vera stolte av. Ta gjerne kontakt med «generalen» vår, Tom Rydland. Han fortener elles ei særskild takk!

Til hausten står blant anna området ved og kring kyrkjegardshuset for tur. Der er det store potensial for betring. Det er også snart tid for ein skikkeleg dugnad inne i kyrkja, så me har mykje å gle oss til av godt samarbeid.

God sommar!



Foto: Kjetil Rydland



Foto: Tom Rydland



Salme 243

1
Gud skapte lyset og livet og meg,
og himlen med stjerner og jorda med fjell.
Han vil meg det beste, han kjenner min veg
kvar natt og kvar morgon, kvar dag og kvar kveld.

Omkved
Eg trur på Gud Fader, eg trur på Guds Son,
eg trur på Den heilage ande.
Så heilag, allmektig, så god imot meg,
treeinige Gud, eg vil lovsyngje deg.



Gud brukte seks dagar på å skape heile den fantastiske verda vår. Det kan du lese om heilt fremst i bibelen. 1.Mos 1, 1- 2, 3. Leit etter åtte skilnader mellom desse to bileta. Om du vil være med i trekning av premie, kan du sende bilete av løysinga di til e-post: rama@fitjar.kommune.no.

«Då eg tok imot Jesus vart livet mitt forandra, og frykta for å gå fortapt forsvann», seier Bureima.

Frode Brügge Sætre

Bureima si historie med Jesus startar faktisk med Bureima sin ven. Ein ung gjetargut vart kamerat med norske misjonæringar på nitti-talet. Kontakten med misjonæranne førde både til at guten fekk læra å lesa og skriva, og at han kom til tru på Jesus. I dag er han bibelomsetjar.

Bureima sjølv heldt seg på den tida langt vekk frå misjonæranne. Onkelen hans var koranlærar og Bureima var den beste eleven hans. Bureima ynskta difor å overtyda kameraten sin om at han måtte venda tilbake til islam. Men i det lange løpet var det Bureima som vart omvendt.

Konverteringa fekk konsekvensar. Han fekk valet mellom å forneakta Jesus eller forlata heimen sin. Han valde det siste. Bureima tok med seg symaskina si og søkte tilflukt hos ein norsk misjonær. Derifrå reiste han vidare til gullgravarfelta sør i Mali, der han livnærde seg som skreddar. Etter ei tid vende han nordover igjen, og starta med dåpsundervising hos nokre misjonærar i byen der han slo seg ned.

Så endeleg, etter åtte år med samtalar, undervising, lesing og samanlikning av Muhammed sin veg og Jesus sin veg, var Bureima klar til å ta skrittet fullt ut, og 23. september 2019 vart han døypt.

Forholdet til foreldra er blitt betre med åra, og han kan no besøkjia dei igjen. Utfordringa hans no er å finna ei jente å gifta seg med. To gongar har forlovinga blitt avbroten fordi jenta sine foreldre ikkje ynskjer å gifta vekk dottera si til ein kristen mann.

Bureima er ikkje i tvil om at livet med Jesus er det som er best for han.

«Då eg tok imot Jesus vart livet mitt forandra og all frykta mi for å gå fortapt forsvann», seier han.

Det vert sagt at fulanarar som vert døypte, har brukt i gjennomsnitt fem år frå dei første gong fekk høyra evangeliet om Jesus til dei vert klare til å ta skrittet

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS) og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. I Mali bur det omkring 20 millionar menneske, og ca 3 millionar av desse er fulanarar. Berre eit par hundre av desse er kristne, og difor kom NMS hit i 1986 med mål om å nå ut med evangeliet til fulanarane.



fullt ut og vedkjenna trua. Å starta å følgja Jesus kan opplevast som eit opprivande brot med identitet og kultur, slekt og vener. Kristne er og meir utsett for truslar og angrep



Illustrasjonsfoto frå Mali: NMS

frå militante islamistar. Likevel oppleve fleire og fleire fulanarar at prisen dei betalar for å stå fram som kristne, er verd problema som kjem. Ein fulani som har blitt kristen for nokre få år sidan, seier det slik: «Det er vanskeleg å finna Jesus sin veg, men når du først finn den, så får du kvile. Eg skulle ynskja fleire frå folket mitt kunne finna Jesus sin veg.»

Bureima vart kjend med Jesus fordi han møtte menneske som kunne visa han vegen. Det er framleis mange i Mali som aldri har høyrte evangeliet om Jesus. Vil du at fleire menneske i Mali skal bli frelst, så kan du gje di støtte til NMS på kontonummer 8220 02 85057 og merka betalinga med Mali.

Til liks med mange andre organisasjonar er NMS inne i ei spesielt krevjande tid no, og dei set stor pris på all hjelp dei får, i form av forbøn og gåver. Under den digitale gudstenesta i Fitjar kyrkje 1. påskedag kom det inn 7 050,- til misjonsprosjektet. No er det ikkje kollekt til prosjekt igjen før under gudstenesta 1. juledag, men ein kan likevel vera med å støtta prosjektet ved å gje ei gåve direkte til NMS.

Korona-viruset har påverka oss i fleire månader no. Tusenvis har vore sjuke og mange har døydd i landet vårt. I Fitjar har nokre få vore smitta.

Roald Drønen

Me har møtt fem tilfeldige personar «me sjød'n» i Fitjar og stilt dei fylgjande spørsmål:

1. På kva måte har korona-viruset påverka kvardagen din?
2. Er du redd for dette farlege viruset?
3. Trur du korona-viruset vil påverka Fitjar-samfunnet?
4. Fitjar kyrkje har vore stengt for gudstenester. Har du sett direktesende gudstenester derifrå på nettet?

Johannes Nesbø

1. Den har ikkje endra seg i det heile tatt. Eg går i same rutinar kvar dag. Eg kan jo ikkje få besøk eller besøka andre. Utanom det har dagane gått som vanleg.
2. Ikkje eigentleg. Eg tek dei forholdsreglane som myndigheitene kjem med og lever eit normalt liv.
3. Ja, det vil det nok gjera. Vanane med ekstra reinhald og den slags som me har lært oss til vil nok vara ved. Men utanom det trur eg ikkje det vert annleis.
4. Eg har vore på nettet, ja, og kona har vore kvar gong.



Foto: Anne Hardeland



Foto: Rolf-Atle Rolfsnes

Mirjam Steien

1. Har vore masse med ungane. Vore mykje ute på tur og vore heima.
2. Ikkje for det meste, men tenkjer jo litt på det.
3. Noko påverka får det sikkert. Økonomiske for mange. Kanskje at folk set meir pris på kvarandre og får meir familietid saman.
4. Det har eg ikkje. Er lite på nettet.



Lars Rydland

1. Får ikkje lov å gå til kyrkje. Å ikkje gå til kyrkje påskedag er svært spesielt. Elles legg eg merke til at kjerringa er i huset nesten alltid, ho jobbar jo heimanfrå. Det har vore lett å få hjelp. Mange har jo fri! Vårvidno har gått betre enn vanleg.
2. Redd og redd. Ja, eg har jo ikkje lyst å bli smitta. Og alderen tilseier at eg er i risikograppa.
3. Folk er flinke til å gløyma. Men det vil ta si tid. Men me vil nok ikkje få varige endringar. Men det vil kanskje ta tid før det er heilt normalt. Kanskje ikkje før til neste år...
4. Ja, på direkten. Har vel sett litt på repetisjon også. Då tel vel det dobbelt??



Ei fjør i hatten til Jan Overweg, Roald Drønen og mange andre

Dette har vore ein merkeleg vår. Brått vart samfunnet og livet kasta heilt om. Alle vakre planar gjekk i vasken. Det skulle skje så mykje sterkt og fint i kyrkja og kyrkjelyden også. Og så var det kroken på døra!

Herman Inge Aadland

Ei lammande kjensle la seg over bygda. Men dei to som er nemnde i overskrifta, var ikkje lenge lamme. Me har fleire ordtak som gjeld her: «Naud lærer naken kvinne å spinna», «Kjem tid, kjem råd», «Kjærleik gjer oppfinnsam», «Dei var ikkje tapte bak ei vogn». Dei to snudde om på hælen og var mellom dei første til å få til digitale gudstenester som me kunne få med oss på smarttelefon og fjernsynsskjerm. Sjølv har eg sete heime i stova og sunge med for full hals, lytta til preika og gledd meg



Foto: Torbjørn Hovland

over medliturgar og songarar som har gjort sitt til at krisa ikkje berre vart krise, men ein stor mulighet og rikdom. Om ikkje alt gjekk på skjener og hadde NRK-standard, gjer ingen ting. For dette var verkeleg levande, omtenkamt og flott gjort.

Eg trur at eg har både kyrkjelyd, sokneråd og folk frå andre kyrkjelydar med når eg seier: Tusen takk!

Julian Drivenes Helland

1. Veldig forandra. Kjedelegare. Ikkje så masse å gjera på. Ikkje kjekt å vera heima og gjera lekser.
2. Nei.
3. Det veit eg ikkje. Kanskje litt etterpå.
4. Har vore inne og sett på, men ikkje so heise masse.



Aud Vik

1. Det har ikkje forandre så mykje, ikkje anna enn at ein ikkje kan vera i saman med andre folk.
2. Eg er ikkje redd
3. Får ikkje håpa da.
4. Det har eg ikkje.





Liturgi og vekking

Gudstenesta har lange tradisjonar. Dei første kristne byrja med samlingar etter pinsedag; den dagen vart om lag tre tusen døypte. Dei kom saman i heimane. Nokon meiner at dette ikkje var private samlingar i heimar slik me tenkjer om det, men hos rikfolk med store hus, der mange kunne koma saman. (Dei hadde jo ikkje eigne lokale)

Roald Drønen

Innhaldet på desse samlingane veit me noko om, sidan det står at dei heldt seg trufast til læra åt apostlane (Ordet), til fellesskapet, til brødsbrytinga (nattverden) og til bønene (Ap.gj.2,42)

Heile oppbygginga av høgmissa vår viser tydeleg slektskap med den gudstenesta som Jesus feira som gut i synagoga i Nasaret, og der han som vaksen steig fram for å leggja ut skriftene.

Attåt den gamle synagogegudstenesta har den apostoliske kyrkja lagt til den nyskapinga som ho fekk av Frelsaren sjølv, og som er kjernepunktet i all liturgi: den heilage nattverden.

Liturgi og vekking har ofte kome til å stå i motsetning til kvarandre. Det er ikkje slik i urkyrkja, og bør ikkje vere slik i dag heller. Dei er begge verka av den same Ande. Dei har begge rett til å finnast der, og begge har rett til å finna si form etter sin eigenart. Vekking og liturgi talar delvis ulike språk, og må gjera det. Det forkynte Ordet er reiskapen til vekking, eit ord med profetisk mynde, mektig til å bryta den harde steingrunnen i hjarta og samstundes lokkande og med heile evangeliets varme. Vekkinga talar ofte kvardagsspråket. Gud søker den fortapte og bortkomne. Den talar til oss på tida sitt språk om ting som vi foraktar, men treng å høyra.

Det er heilt annleis med liturgien. Hans reiskap er også Ordet, men han ausar frå dei djupaste kjeldene i Ordet. Liturgien "talar visdom blant dei som er fullmogne". Den utnyttar heile rikdommen i Skrifta, alle dei innhaldsmetta symbola, og dei løynde førebileta på Kristus i Det gamle testamentet. Den tek fram bønene i Salmane og ber dei på nytt, den lyttar til profetiane og let ein bli still for dei djupaste løyndomar i evangeliet. Den elsker nett det som berre langsamt opnar seg og



Foto: Den norske kirke

som stadig gjev tanken noko nytt å grunda på. Nettopp fordi liturgien stadig vender attende til dei same heilage formlane, vågar den å utnyttast Skrifta sin løynde visdom. Difor elsker den også musikk, som bak det som kan synast enkelt, gøymer botnlause djup av audmjuk tilbeding og aning av lukke. Den elsker å lyfta sitt hjarta til Gud i den inntrengjande tonen i Kyrie, eller den andaktsfulle jubelen i prefasjonen (lovprisande bøna) i nattverden. I alt dette er den mykje ulik vekkinga. Vekkinga er profetisk, liturgien er presteleg. Vekkinga er lynet frå himmelen som tenner ny eld. Liturgien er Herrens loge, som alt brenn mellom oss og opplyser og varmar dei truande.

Det gjeld no at vi gjev både vekkinga og liturgien deira rettkomne, urkristne plass i kyrkjelydslivet.

(Etter eit hyrdebrav av Bo Giertz, tidlegare svensk biskop og forfattar av bl.a. «Steingrunnen»)

God sommar!

Foto: Den norske kirke



Junimorgon

Haldis Reigstad

*Dagen opnar sine augo,
strekker ut sitt bleike slør.
Over trøyte fjell og tindar
kastar sola sine glør.*

*Vinden smyg seg gjennom graset,
mjukt han mellom blomar trør.*

*Lyset kløyver nattemørket,
stjernehimlen sloknar ut.
Fuglemor, trass svoltne ungar,
møter dagen utan sut.*

*Dogg som tørstar etter jorda,
glitrar ifrå dal til nut.*

*Dagen opnar sine augo
til ein ung og nyskapt vår.
Song frå skog, frå sjø og strender
gjennom morgonstilla går.
Alt det skapte prisar Herren,
han som over livet rår.*

Sal 121, 1-2

*Eg lyfter mine augo opp mot fjella:
Kvar skal mi hjelp koma frå?
Mi hjelp kjem frå Herren,
som skapte himmelen og jorda.*



Foto: Evangelisten Forlag



Haldis Reigstad er Norges mestselgjande nolevande lyrikar. Ho har gitt ut 21 diktsamlingar med eit samla salstal på 103.600 eksemplar. Den første diktsamlinga kom ut i 1987.

Den 18.november i 2019 fylte Haldis Reigstad 80 år. I samband med dette har Evangelisten Forlag gitt ut ei ny diktsamling frå Haldis Reigstad. Diktsamlinga som har fått tittelen «Mandeltreet» består av 366 dikt og bibelord, og er både diktsamling og andaktsbok på ei og same tid.

Boka kan du kjøpa både på SunnBok og direkte hos Evangelisten Forlag.

Sommarvikar

Eg heiter Runar Larsen og kjem frå Sveio. Eg har budd i Sveio heile livet og har i ungdomstida vore veldig aktiv i den lokale kyrkja og i ungdomsdemokratiet i Bjørgvin bispedømme. Eg går no mitt tredje år på MF i Oslo, kor eg har studert ungdom, kultur og trusopplæring, og skal no vidare på profesjonstudiet i teologi. Utanom studiet driv eg med 3D-printing, brettspel og lego.



||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

FRS
FITJAR RØR & SANITÆR A.S

Mobilnr:
975 02381

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finer.no - jantore.aarskog@finer.no



Din Catering leverandør

**FITJAR
SJØ OG CAMPING**

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

Hår
loftet

OPNINGSTIDER
Mån,tirs,fre..... 9-16
Ons,tors..... 9-18
Laur (kun drop-in).. 10-13

*Fiks frisyren
hos oss!*

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter

Mobilnr: 951 89950

Fitjar-Posten

E-POST: post@fitjarposten.no - MOB: 476 52 527

www.fitjarposten.no

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60

Interflora | Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00 www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

Ledig annonse plass

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00

www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21



SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Kontaktinfo:
Torunn K. Aarskog
404 04 146



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kvernernes Båtbyggeri AS, Kalvøid 27, 5419 Fitjar
Telefon: 53 49 90 90, baatbyggeri@kvernernesbaat.no



Sko – Gåver – Leiken

**Kom: Norsk Tipping
Rikstoto**

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen
Kiosk**



Syng med oss !
OSTERNES MANNSKOR

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

HEIMLI
SHIP DESIGN

www.heimli.com
Havnavegen 90, Fitjar



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700

Ledig annonseplass



Slekters gang

Døypete:

05.04.

Ola Ahrens Hammer

19.04.

Otilie Haaland Christensen

24.05.

Liam Mateo Luba Olsen

Jordfeste:

Svein Thuen

f: 08.01.1946 - d: 03.04.2020

Einar Tislevoll

f: 21.12.1946 - d: 04.04.2020

Jakob Hovstad

f: 02.02.1927 - d: 18.04.2020

Grethe Petra Hersvik Færøy

f: 05.11.1944 - d: 03.05.2020

Brit Skålevik

f: 20.12.1936 - d: 21.05.2020

Marta Gloppen

f: 26.06.1923 - d: 23.05.2020

LUNSKONSERTAR SOMMAREN 2020

Kantor Jan Overweg inviterer til lunsjkonsert i Fitjar kyrkje sommaren 2020:

- Laurdag 4. juli
- Laurdag 18. juli
- Laurdag 1. august

Konsertane byrjar kl. 12.00 og varer ein halv time.

Det vil truleg vera ei maksimumsgrense på 50 tilhøyrarar. Konsertane er gratis. Det vert ikkje påmelding.



Gudstenesteliste

Dato	Klokkeslett	Merknad	Prest	Kantor	Takkoffer
14.06.	11:00	2. søn. i treeiningstida	Herman I. Aadland	Jan Overweg	Himal Partner
21.06.	11:00	3. søn. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Jan Overweg	Brandøy
28.06.	11:00	4. søn. i treeiningstida	Vikar	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
05.07.	11:00	5. søn. i treeiningstida	Vikar	Jan Overweg	Åpne Dører
12.07.	11:00	6. søn. i treeiningstida	Vikar	Jan Overweg	Sunnh. prostråd
19.07.	11:00	Friluftsgudsteneste i Kråko	Herman I. Aadland	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
26.07.	11:00	8. søn. i treeiningstida	Vikar	Jan Overweg	Israelsmisjonen
02.08.	11:00	9. søn. i treeiningstida	Vikar	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
09.08.	11:00	10. søn. i treeiningstida	Vikar	Jan Overweg	Sjømannskirken
16.08.	11:00	11. søn. i treeiningstida	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
23.08.	11:00	12. søn. i treeiningstida	Vikar	Jan Overweg	Misjonsalliansen
30.08.	11:00	Fam.gudsteneste	Roald Drønen	Jan Overweg	Søndagsskulen
06.09.	11:00	Vingardssøndag	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
09.09.	18:00	Samtalegudsteneste	Roald Drønen	Jan Overweg	
12.09.	11:00	Konfirmasjon - Roald Drønen/Randi Lønning Matre		Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
	13:00	Konfirmasjon - Roald Drønen/Randi Lønning Matre		Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
13.09.	11:00	Konfirmasjon - Roald Drønen/Randi Lønning Matre		Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet